

Fra: "Nils Petter Rabbe" <nprabbe@gmail.com>
Sendt: søndag 1. februar 2026 23.24.15
Til: "Jakob Fjellanger" <jfj@nve.no>
Emne: Revisjon- og konsesjonssak RSK. Tilkomst Valldalen

Til NVE v/ Jakob Fjellanger

Eg og familien har flytta heim att til Røldal for å overta ein gard som i titals generasjonar har satsa og bygd opp næring i Valldalen og tilstøytande dalar innerst i dalen.

Me ser med bekymring på korleis ein skal klare å vidareføre næringa på garden basert på barriereeffekten Valldalsmagasinet har.

Eg vil understreke at tilkomst og ferdsel i Valldalen er ei av dei mest alvorlege konsekvensane av Røldal–Suldal-anlegget. Dette er ikkje ei perifer problemstilling, men eit direkte resultat av korleis reguleringsanlegget er etablert over ei tidlegare trygg, sentral og mykje brukt ferdselsåre.

I praksis har ein lagt eit gigantisk reguleringsanlegg som har skapt hundrevis – truleg tusenvis – av nye og reelle farepunkt for ferdsel, der forholda tidlegare var tilnærma trygge. Etter mi vurdering kan ikkje dette forståast som noko anna enn eit klart avbøtings- og ansvarsspørsmål for anleggseigar.

Desse forholda er så alvorlege at dei må vere ein sentral del av ei komande vilkårsrevisjon og konsesjonssøknad. Ein kan ikkje føre vidare konsesjonar eller praksis utan at trygg ferdsel er reelt ivareteken. Å la dagens situasjon bestå vil etter mitt syn vere uforeinleg med både samfunnsansvar og det omdømmet norsk vasskraft er tent med å ha.

Under synfaringa hausten 2025 fekk de eit visst inntrykk av utfordringar knytt til ferdsel i sommarhalvåret. Dette gir likevel ikkje eit dekkande bilete. Dei mest alvorlege og farlege situasjonane oppstår vinterstid, når is, snø, ras, overvatn, raske vasstandsvariasjonar og bratte reguleringssoner gjer ferdsel direkte risikofylt.

Eg meiner det er heilt naudsynt – og ikkje valfritt – at NVE snarast gjennomfører ei grundig synfaring langs heile Valldalenmagasinet vinterstid. Utan ei slik synfaring vil verken konsekvensane for ferdsel eller behovet for avbøtande tiltak vere tilstrekkeleg belyst, verken i saksbehandlinga eller inn mot ei vilkårsrevisjon. Forholda vinterstid er så komplekst at det er umogleg å drive saksbehandling med formål om å gjere gode vedtak om ein ikkje oppsøker dalen under relevante forhold og studerer kva dette er snakk om.

Dette er etter mi vurdering eit minimumskrav for vidare forsvarleg handsaming av saka.

Vennleg helsing
Nils Petter Rabbe